

Utkast intensjonsavtale

For styringsgruppa

Dag Flackè, rådmann Hjelmeland kommune
Jon Ola Syrstad, rådmann Strand kommune
Søren Jensen, rådmann Forsand kommune
Geir Ims, regionutviklar Ryfylke IKS



[HJELMELAND – STRAND - FORSAND]

Dette er eit førebels utkast til intensjonsavtale basert på det arbeidet som er gjort i styringsgruppa. Føremålet med utkastet er å sjå om det er grunnlag for å arbeida vidare med å skipa ein ny kommune med utgangspunkt i kommunane Hjelmeland, Strand og Forsand.

Innhald

1. Innleiing	2
2. Sentrale avklaringar	3
3. Mål for samanslåinga	3
4. Kommunenamn, symbol og målform	3
5. Prinsippa for samanslåing og organisering	4
6. Tenestetilbodet	5
7. Frivillighet, lag og organisasjonar	6
8. Kompetanse og teneste produksjon	6
9. Infrastruktur, samfunns- og næringsutvikling	6
10. Økonomiforvaltning	7
11. Framtidige investeringar	9
12. Effektivisering	10
13. Kommunen som arbeidsgjevar	10
14. Rammer for gjennomføring	11

1. Innleiing

Stortinget har vedtatt at det skal gjennomførast ein kommunereform. Formålet med reforma er å skapa robuste kommunar som skal vera i stand til å handtera framtidens velferdsoppgåver på ein god måte.

Kommunestyra i Strand, Hjelmeland og Forsand vedtok hausten 2014 at det skulle settast ned ei styringsgruppa for dialog og utgreiing om ei eventuell samanslåing og danning av ein ny kommune. I gruppa sit ordførar, varaordførar, rådmann og representant frå opposisjonspartia frå kvar av dei tre kommunane. Gruppa er utvida med representantar frå dei tilsette i kommunane.

Medlemmer i styringsgruppa er: Ole Tom Guse (KrF), Margareth Gjøse Larsen (H), Kåre Oaland (), Helge Steinsvåg (AP), Alf Henning Heggheim (Sp), Arild Melberg (KrF), Trine L. Danielsen (H), Håkon Helgøy (KrF), Bjørn Laugaland (Sp), Rådmennene Søren Jensen, Dag Flackè og Jon Ola Syrstad. Dei tilsette er representerte med Laila Espedal (HTV), Stine Neverdahl (HVO), Ingunn Ellertsen (HTV), Inger Wagle (HTV). Vararepresentantane Torborg Kleppa og Bjørn Gisle Lyse har deltatt på enkelte møte.

Gjennom utgreiingsarbeidet som rådmennene har gjort etter oppdrag frå styringsgruppa har ein sett på både fordeler og ulemper med ei kommunesamanslåing. Nokre av ulempene vil vera større geografisk avstand innan den nye kommunen, både for innbyggjarar, tilsette og politikarar, fare for konsentrasjon av kommunale tenester på Jørpeland, mindre lokalkunnskap hjå saksbehandlarar og fare for mindre politisk engasjement frå innbyggjarar.

Gjennom arbeidet med innbyggjar- og tilsetteinvolvering har det blitt tydeleg at mange av utfordringane har eit tilsvarande positivt mogleghetsbilete. Nokre av fordelane er sterkare fagmiljø som sikrar rekruttering og kompetanse, betre kvalitet på tenestetilbodet, sunn avstand og mindre habilitetsspørsmål i handsaming av saker, betre arealutnytting og større utviklingskraft.

Sluttrapport frå arbeidet med innbyggjarinvolveringa vil ligge føre i juni månad og skal oppsummera arbeidet frå Innbyggjarpanela, Innbyggarmøta og Innbyggjarundersøkinga gjennomført av MMI.

Den nye kommunen vil bli ein større og meir ressurssterk kommune, betre rusta til å handtera nye og større oppgåver.

Målet med ein større kommune er ikkje å oppnå ein effektiviserings gevinst, men å gje innbyggjarane betre og sikrere tenestetilbod.

2. Sentrale avklaringar

I kommuneproposisjonen Prop. 121 S er det stadfesta nokre viktige avklaringar knytt til blant anna rammevilkår for landbruket og spørsmål knytt til kraftinntekter.

1. Det er avklart at landbruket i Forsand og Hjelmeland beheld sone 5 for produksjonstilskot.
2. Konesjonskraftinntekt og fordeling Fylke/Kommune er stadfesta.
3. Det er og stadfesta at det ved eventuelle grensejusteringar som blant anna gjeld kraftinntekter, er det full fridom til å avtala fordeling av kraftinntektene mellom partane.

<https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/prop.-121-s-2014-2015/id2411026/>

3. Mål for samanslåinga

Stortinget sine mål for kommunereforma er blant anna å styrka lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver. Innbyggerane skal få gode og likeverdige tenester, og kommunane skal vera bærekraftige og økonomisk robuste. Kommunane skal ha eit heilskapleg og samordna perspektiv for samfunnsutvikling.

Den nye kommunen skal sikra:

- tilstrekkeleg kapasitet innafor dei ulike verksemdområda
- relevant kompetanse med sterke fagmiljø, god leiing og god internkontroll
- tilstrekkeleg distanse for å skapa objektivitet mellom saksbehandlar og innbygger
- lokal identitet med nærleik til basistenestene
- effektiv tenesteproduksjon der gevinst frå stordriftsfordelar skal nyttast til å gje innbyggerane betre tenester
- økonomisk soliditet
- valfridom, med breidde i tenestetilbodet
- funksjonelle samfunnsutviklingsområde med god infrastruktur og tettstadsutvikling
- eit næringsliv som tek vare på og skapar nye arbeidsplasser
- ein styrka regional konkurransekraft
- høg politisk deltaking med eit aktivt lokaldemokrati og tydelege medverkingsorgan
- lokal politisk styring som syter for størst mogleg lokal organisering av lovpålagte velferdstenester

Kommunane sitt planverk skal gjelda inntil nytt felles planverk blir vedteke i ny kommune.

4. Kommunenamn, symbol og målform

Den nye kommunen skal ha namnet:

Det nye kommunevåpenet skal vera:

Den nye kommunen er nøytral når det gjeld målform. Både nynorsk og bokmål skal nyttast aktivt i utgreiing, saksbehandling og forvaltning. Reglane i mållova ligg til grunn og det skal vere eit mål at minst 25 % av det skriftlege materialet frå kommunen er på nynorsk.

5. Prinsippa for samanslåing og organisering


Forsand, Strand og Hjelmeland kommunar er ulike, men like vel likeverdige.

Den nye kommune skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i kvar av dei gamle kommunane sine tradisjonar, fortrinn, sterke sider og utfordringar. Struktur, organisasjonskultur og system skal vektleggjast, og utvikling av nærdemokrati skal gjevast høg prioritet. Samarbeidet om samanslåinga skal vera prega av likeverd, raushet og forståing for kvarandre sin ståstad.

Den nye kommunen ligger samla i Ytre Ryfylke og grensar tett til Stavanger regionen mot sør og vest, og Suldal og Indre Ryfylke i nord. Det kan vera behov for nokre grenseendringar etter at det er avklart at ei samanslåing skal gjennomførast.

6. Tenestetilbodet

Det er utarbeida ei opplegg for lokalisering av tenestetilbodet som tar utgangspunkt i senterstrukturen i den nye kommunen med eitt kommunesenter (Jørpeland), tre kommunedelsenter (Forsand, Hjelmelandsvågen og Tau) og tre lokalsenter (Fister, Årdal og Fiskå).



Med dette utgangspunktet er det skissert eit opplegg for kva for tenester som skal vere til stades i lokalsenter, kva for tenester som skal vere i kommunedelsenter, og som skal kunne gi tenester til dei som bur både i kommunedelsenteret og i lokalsenter, og kva for tenester som vil vere i kommunesenteret og dekke dei som bur i heile kommunen. Matrisen nedanfor syner korleis lokaliseringa av tenestetilbodet vil kunne vere tilpassa til senterstrukturen i den nye kommunen.

Teneste	Fister	Fiskå	Årdal	Forsand	Hj.våg.	Tau	Jørpel.
Barnehage	X	X	X	X	X	X	X
SFO	X	X	X	X	X	X	X
Barneskule	X	X	X	X	X	X	X
Ungdomsskule				X	X	X	X
Skulehelseteneste				X	X	X	X
Sjuka-/aldersheim			X	X	X	X	X
Heimeteneste					X	X	X
Sosialteneste(NAV)							X
PPT							X
Helsestasjon				X	X	X	X
Barnevern							X
Vaksenopplæring							X
Legekontor				X	X	X	X
Legevakt							X
Plan, bygg, næring							X
Kino							X
Bibliotek				X	X	X	X
Kulturadministrasjon							X
Kulturskuleundervisn.				X	X	X	X
Politisk Leiing							X
Sentraladministrasjon							X

7. Frivillighet, lag og organisasjonar

Dei tre kommunane har eit omfattande idretts- og kulturtilbod som blir drive av frivillige lag og organisasjonar og kyrkja. Den nye kommunen vil halde fram med sterk støtte til dette viktige arbeidet og dei ulike økonomiske ordningane vert harmoniserte.

Den nye kommunen skal vidareføre sterk satsing på og støtte til det frivillige arbeidet, mellom anna gjennom:

- Vidareføring av Frivilligsentral basert på dei røynsleane og den ressursinnsatsen som er i Hjelmeland og Strand i dag
- Gode tilskotsordningar for frivillig arbeid, lag og organisasjonar

8. Kompetanse og tenesteproduksjon

For å sikra optimal ressursutnytting og gode tenester er det viktig å rekruttera, vidareutvikla og behalda relevant og tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse innan alle tenesteområde.

Ved større fagmiljø i den nye kommunen vil sikra tilstrekkeleg distanse mellom saksbehandlarar og innbyggjarar for å unngå habilitets spørsmål.

9. Infrastruktur, samfunns- og næringsutvikling

Den nye kommunen skal etablere:

1. Infrastruktur og utviklingsfondet

Fondet blir basert på meirinntektene kommunen får av konsesjonskraft som følgje av kommunesamanslåinga – om lag 30 mill. kroner pr. år. Fondet skal nyttast til å realisere, utløyse eller medfinansiere større infrastruktur- og utviklingstiltak for langsiktig samfunns- og næringsutvikling i kommunen. Døme på slike tiltak er omtalt nedanfor.

2. Tilskotsordninga Eigedomsskattemidlar til bruk i utkantane.

Ordninga er utviding og vidareutvikling av den tilskotsordninga Strand har hatt dei seinare åra som gir tilskot til særskilte infrastruktur- og utviklingstiltak i utkantane i kommunen.

3. Næringsfondet.

Fondet er basert på dei samla konsesjonsavgiftene i dei tre kommunane. Eksisterande kapital i tilsvarende fond i kommunane blir overført til Næringsfondet pr. 01.01.2018.

Veg

Det skal arbeidast aktivt med utbetringar på RV 13 som er livsnerva i Ryfylke.

Tiltak til rassikring har høgast prioritet på kort sikt.

På lengre sikt skal det arbeidast aktivt for bru over Jøsenfjorden.

Regionforstørring

I eit regionforstørringsperspektiv er det viktig å marknadsføra at RV 13 og påkopling til E 134

er raskaste vegen til Oslo frå Stavanger.

Det same gjeld planane for Espedal - Frafjord som fall ut av Ryfast pakken i 12 time. Denne forbindelsen er viktig, både i forhold til regionforstørring men òg i forhold til turisttrafikken og næringsutviklinga knytt til Preikestolen og Lysefjordområdet.

Gang- og sykkelstiar

Fullføring av gang- og sykkelveg Tau – Jørpeland – Nordmarka i samband med etablering av Ryfast har høg prioritet. Det skal vera fokus på gode sykkeltrassear, gang- og sykkelstiar for å tryggja skuleveg, skapa god folkehelse og gje eit betre klima og miljø.

Kollektivtrafikk

Kommunen skal arbeida aktivt for å få eit betre kollektivtilbod mellom tettstadane enn det er i dag.

Opninga av Ryfast og skiping av ein ny kommune vil vera viktige drivarar for å oppnå eit betre tilbod. Ein arealpolitikk som stimulerar til fortetting, ikkje bare i bysentrum men òg i kommunen sine tettstader, vil og vera ein drivar for å få til betre kollektivtilbod og betre klima og miljøløysingar.

Tettstadsutvikling

Kommunen vil ha ei aktiv haldning til utvikling av tettstadar på ein slik måte at det er med å skapa grunnlag for næringslivet, eigedomsutvikling og busetting.

Næringsutvikling/arealpolitikk

Kommunen skal vera blant dei leiande næringskommunar gjennom ein aktiv næringspolitikk kor både næringsliv og innbyggjarar møter ei positiv og profesjonell haldning blant kommunens politikarar og tilsette.

Kommunen skal arbeida for ein arealpolitikk som har «velkomen til oss» skilting i staden for «parkering forbode» skilt.

10. Økonomiforvaltning

Den nye kommunen sin økonomiforvaltning skal sikre at kommuneøkonomien er i balanse og robust i eit langt perspektiv. Budsjett og økonomiplan skal ha eit stabilt tenestetilbod som målsetting, slik at det ikkje blir brukt unødvendige ressursar på midlertidige omstillingar.

Økonomiplanen skal innrettast slik at netto driftsutgifter ikkje er større enn frie inntekter og at netto driftsresultat er i samsvar med gjeldande tilrådingar.

Kraftinntekter

Den nye kommunen vil få auke i kraftinntektene som følgje av at folketalet i Strand utløyser meirinntekt frå konsesjonskraft på om lag 30 mill. kroner årleg. Meirinntektene blir tilført Infrastruktur- og utviklingsfondet i den nye kommunen.

Kommunane får inntekter frå kraftverk/kraftproduksjon på 2 måtar i tillegg til skatteinntekter, desse er;

Konsesjonskraft er ein andel av kraftproduksjonen som ein kraftverkseigar er pålagt å levere kommunane som er berørte av ei regulering eller utbygging.

Eigarane av større vasskraftverk pliktar å levere ein en del av krafta som vert produsert til kommunane som er berømte av kraftutbygginga. NVE reknar ut mengde konsesjonskraft og fordelinga til dei berømte kommunane. Kraftverkseigaren avstår inntil 10% av kraftgrunnlaget som konsesjonskraft til kommunane og fylkeskommunane der kraftanlegga ligg.

Konsesjonskraft er i utgangspunktet kommunane sine pengar som kompensasjon, og skal i utgangspunktet kunne sikre kommunane elektrisk kraft til ein rimeleg pris. Konsesjonskrafta er avgrensa til behovet for alminneleg el-forsyning. Overstig konsesjonskraftmengda dette behovet, blir resten midlertidig fordelt til fylket der kraftanlegget ligg.

Kommunen får altså behalde ein sum ut frå talet på innbyggjarar/behovet for alminneleg el-forsyning. Det er ingen bestemte føringar på kva desse pengane skal brukast til.

Konsesjonsavgift skal gi kommunane erstatning for generelle skader og ulemper som ikkje blir kompensert på annan måte. Det skal også gi kommunane rett til ein del av den verdiskapinga som finn stad. Konsesjonsavgift er ein årleg avgift som ein kraftverkseigar pliktar å betale til kommunane som er berørte av ei regulering eller kraftutbygging. Kommunane sin bruk av konsesjonsavgifta er regulert og skal i utgangspunktet nyttast til næringsutvikling. Alle inntektene frå konsesjonsavgift blir derfor tilført Næringsfondet i den nye kommunen.

På lenka under finn ein meir informasjon

http://lvk.no/system/files/130202_grunnbok_2013_korr03.pdf

Eigedomsskatt

Strand og Hjelmeland har eigedomsskatt i dag, Forsand har på verk og bruk men ikkje på bustad og fritidsbustad. Den nye kommunen vil harmonisera dette slik tabellen under viser og vidareutvikla ordninga som Strand har, der ein del av inntektene frå eigedomsskatt vert nytta til tilskotsordninga til utkantane. Den nye kommunen vil årleg avsetta 2,5 mill. kroner øyremerka tiltak i utkantane i kommunen.

	Verk og bruk	Endring	Bustad/Fritids-	Endring
Ny kommune	0,7 %		0,2 %	
Hjelmeland	0,7 %	Ingen	0,2 %	Ingen
Strand	0,7 %	Ingen	0,2 %	Ned frå 0,28%
Forsand	0,7 %	Ingen	0,2 %	Opp frå 0
Botnfrådrag pr. eining	0		0	100.000 i Hjelmeland i dag
Halvt grunnlag for Landbrukseigedommer				Lik dagens ordning St.og Hj.

Dette vil redusera skatteprovenyet i Strand med om lag 5,2 mill. kroner årleg. I Hjelmeland vil det auka med om lag 500 tusen kroner, som fordelast mellom bustad- og fritidseigedommar. I Forsand er det estimert ei auke på 2,5 mill. kroner årleg.

11. Framtidige investeringar

Før danning av ny kommune har kommunane følgjande investeringsprogram som skal søkast gjennomført av den nye kommunen.

Investering Strand kommune (tal i 1 000)	Budsjett 2015	Økoplan 2016	Økoplan 2017	Økoplan 2018
100 % kommunalt finansierte investeringar	90 499	135 279	87 335	41 605
Investeringar med komp./inntektsauke	10 514	12 966	8 010	8 056
Investeringar med sjølvkostfinansiering	14 000	14 000	14 000	14 000
Sum investeringar	115 013	162 245	109 345	63 661

Finansieringsplan Strand kommune (tal i 1 000)	Budsjett 2015	Økoplan 2016	Økoplan 2017	Økoplan 2018
Lån	78 214	123 289	80 418	46 268
Overføring frå drift	12 624	6 308	6 980	4 125
Tilskot/refusjon	2 450	1 950	1 300	1 300
Bruk av fond	2 532	2 532	2 532	2 532
Sal av eigedom				
Momskompensasjon	19 193	28 166	18 115	9 436
Sum investeringar	115 013	162 245	109 345	63 661
Eigenfinansiering	32 %	24 %	26 %	27 %
Eigenfinansiering eks. VAR investering	36 %	26 %	30 %	35 %

Investering Hjelmeland kommune (tal i 1 000)	Budsjett 2015	Økoplan 2016	Økoplan 2017	Økoplan 2018
Sum investeringar	76 313	36 900	22 350	11 600

Finansieringsplan Hjelmeland kommune (tal i 1 000)	Budsjett 2015	Økoplan 2016	Økoplan 2017	Økoplan 2018
Lån	36 409	21 926	10 302	5 000
Overføring frå drift	3 044	994	994	994
Fond netto				-2 094
Ubrukte lånemidlar	16 600	1 600	1 600	1 600
Sal av eigedom	5 000	5 000	5 000	5 000
Momskompensasjon	15 260	7 380	3 454	1 100
Sum investeringar	76 313	36 900	22 350	11 600

Investering Forsand kommune (tal i 1 000)	Budsjett 2015	Økoplan 2016	Økoplan 2017	Økoplan 2018
Sum investeringar	54 818	28 095	5 900	51 650

Finansieringsplan Forsand kommune (tal i 1 000)	Budsjett 2015	Økoplan 2016	Økoplan 2017	Økoplan 2018
Lån	24 880	9 500	2 500	
Overføring frå drift				
Tilskot/refusjon				
Bruk av fond	27 518	15 855	2 200	50 450
Momskompensasjon	2 420	2 740	1 200	1 200
Sum investeringar	54 818	28 095	5 900	51 650

12. Effektivisering

Etablering av den nye kommunen vil kunne frigjera økonomiske midlar, hovudsakleg ved samanslåing av felles administrative funksjonar. Fram til kommunen er etablert skal kommunane informera kvarandre før tilsetting i leiarstillingar og spesialiststillingar og vurdera samarbeid der det er mogleg.

Vidare arbeid for å sikra effektivitet skal basere seg på ein kultur for kontinuerleg forbetring kombinert med prosjektbaserte gjennomgangar av verksemdsområde. Prinsipp for effektiviseringsarbeidet og oppnådde resultat skal vurderast ein gong i valperioden i den nye kommunen. Prosjekt blir definerte i budsjett eller i eigne saker. Prinsippa for effektiviseringsarbeidet skal sikra at tillitsvalde og medarbeidarane blir involverte på ein god måte. Korleis prinsippa kan presiserast og følgjast opp med konkrete tiltak skal behandlast av partsamansett utval (sjå kap. 14). Fellesnemnda vil ha det overordna ansvaret for å sikra at den nye kommunen blir etablert med effektive løysingar. Det skal mellom anna vurderast korleis eigeomsforvaltinga kan optimaliserast.

Oppnådde effektar skal nyttast til å styrke tenestetilbodet, både kvantitativt og kvalitativt.

13. Kommunen som arbeidsgjevar

Den nye kommunen skal ha ein tydeleg, raus og inkluderande arbeidsgjevarpolitikk, og legga til rette for mangfald blant dei tilsette i den nye kommunen. Kommunen skal ha ei aktiv rolle i elevanes sitt 13 år lange skuleløp, og bidra til framtidig rekruttering gjennom å ta inn tilstrekkeleg tal lærlingar.

Den administrative omorganiseringa skal gjennomførast i ein god prosess og i nært samarbeid med dei tillitsvalde og medarbeidarane.

Fellesnemnda skal laga ein eigen plan for medverknad etter handsaming i det partsamansette utvalet for samanslåingsprosessen.

Det bør vera samsvar mellom overordna politisk og administrativ organisering. Endeleg avklaring av den administrative organiseringa blir gjort etter at prosjektleiar/framtidig rådmann i ny kommune er tilsett.

Det skal utarbeidast ein garanti for at ingen av dei fast tilsette skal verta oppsagde som ei følgje av samanslåinga/verksemdoverdraginga og skiping av ein ny kommune. Denne garantien skal gjelde i 2 år etter at den nye kommunen er danna.

14. Rammer for gjennomføring

Inndelingslova frå 2001 ligg til grunn for korleis ein ny kommune skal skipast. Det blir oppretta ei Fellesnemnd som har overordna ansvar for planlegging og gjennomføring. Det operative arbeidet skal utførast av ein prosjektorganisasjon og beskrivast i ein prosjektplan. Polititakarar og tillitsvalde skal ha definerte roller i prosjektorganiseringa.

Frå og med vedtak om samanslåing av kommunane og fram til og med den 31.12.2017 er den politiske organiseringa slik:

Samtidig som det er vedteke å søka om samanslåing, vedtek kommunestyra i dei tre kommunane å setta ned ei fellesnemnd og at det skal skipast eit partsamansett utval for samanslåingsprosessen. Fellesnemnda blir oppretta i medhald av inndelingslova § 26.

Fellesnemnda skal ha 13 medlemmer, med 4 frå Hjelmeland, 3 frå Forsand og 6 frå Strand. Det skal veljast vara medlemmer til nemnda. Fellesnemnda skal ha følgjande mandat:

- Fellesnemnda skal tilsette prosjektleiar for samanslåingsprosessen. Prosjektleiar blir tilsett som rådmann i den nye kommunen straks nytt kommunestyre er etablert.
- Fellesnemnda skal handsame prosjektleiar si innstilling til organisering av og tilsetting av den øvste administrative leiinga etter 1.01.2018.
- Fellesnemnda skal sjå til at reglar og avtalar om tilsette og tillitsvalde sin medverknad i tilhøve som gjeld samanslåing av kommunar vert fylgt.
- Fellesnemnda sine medlemmar skal og vera arbeidsgjevar sine representantar i partssamansett utval for samanslåingsprosessen.
- Fellesnemnda tek stilling til revisjonsordning for den nye kommunen etter innstilling frå kontrollutvala i dei tre kommunane.
- Fellesnemnda skal etterrøkje og avklara alle prinsipielle forhold knytt til samanslåingsprosessen.
- Kommunane har fram til 31.12.2017 ansvar for si ordinære drift, men spørsmål som kan ha betydning for den nye kommunen bør først drøftast i fellesnemnda.
- Fellesnemnda kan uttale seg i saker som er til handsaming i kommunane sine ordinære utval.

Partsamansett utval for samanslåingsprosessen skal frå arbeidsgjevarsida bestå av fellesnemnda sine medlemmer. Frå arbeidstakarsida oppnemner dei tilsette 6 medlemmer med minst ein representant frå kvar kommune. Prosessen for tilsetting av prosjektleiar/ny rådmann og øvste administrative leiing, og i tillegg plan for inkludering av dei tillitsvalde på ein god måte, skal handsamas av partssamansett utval. Utvalet skal handsame saker som gjeld tilhøvet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei

tilsette. Utvalet skal gje fråsegn i saker som gjeld overordna personalpolitiske spørsmål, retningsliner og planar i samband med kommunesamanslåinga.

Nytt kommunestyre

I kommuneproposisjonen blir spørsmålet om kommunestyreval og valperiode omtala. Det er i prinsippet 2 modellar for gjennomføring i dette aktuelle tilfelle. Det mest praktiske tidspunkt for skiping av ein ny kommune er ved årsskifte. Inndelingslova § 17 gjer Kongen heimel til å forkorta ein valperiode, men ikkje forlenga. Følgjande alternativ er derfor mogleg og må tas stilling til i ei endeleg intensjonsavtale:

- Samanslåing frå 1. januar 2017, utpeiking eller nyval, (nyval er det beste)
- Samanslåing frå 1. januar 2018, nyval i samband med Stortingsval

Sjå nærare omtale i kommuneproposisjonen s. 35, som og dekker forhold knyt til ein potensiell større samanslåing (fleire kommunar)